

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8816-1

## **Skriv og meldingar Hovudsamarbeidsutvalet 16.09.15**

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriva og meldingane til vitande.

### **Melding 1) Anbudsutlysing av bedriftshelsetenester**

Vi bruker oppatt mykje av anbudsdocumenta frå førre utlysing, men ønskjer å spesifikk knyte krav til leveranse av medarbeidarundersøkinga MTM. Det er også ønskeleg å setje krav om ISO sertifisering etter NS ISO 9001-2008. Eit absolutt krav er at tenesta har godkjenning av Arbeidstilsynet. Etter utlysing i Doffin er det 40 dagar til tilbodsfrist. Deretter går det omlag 3-4 veker med evaluering av tilboda (inkludert karenstid, avtaleskriving og signering). Vi ønskjer å ha avtalen i signert til neste møte i HSU den 18. november og vi lyste det difor ut i 1 halvdel av september 2015.

### **Melding 2) Endring i medlemssamansetjinga i HSU**

Rune Hovland er ute av vervet som hovudtillitsvald frå 01.08.2015 og utdanningsforbundet ønskjer følgjande representasjonen i HSU framover:

- Alf Reidar Myrstad, med personleg vara Per Arne Strand
- Hilde Kvamsås Aa, med personleg vara Ingvild Helle Bolstad

Endringane er registrert, journalført og informasjonen på Portalen er oppdatert.

### **Melding 3) Nye avtalar med arbeidstakarorganisasjonane**

Fylkesrådmannen-personal har inngått nye avtalar med arbeidstakarorganisasjonane om korleis ordninga med fylkeshovudtillitsvalde og tillitsvaldsfunksjonen ved respektive einingane er organisert. Avtalene gjeld med verknad frå 01.08.15.

### **Melding 4) Om krav til medisinsk utstyr på våre arbeidsplassar**

Stamina Helse svarar her på spørsmål om krav til medisinsk utstyr. Det er ikkje gitt spesifikke krav til kva for type medisinsk utstyr Sogn og Fjordane fylkeskommune er påkravd å ha. Behov for medisinsk utstyr er ofte basert på ei kartlegging og risikovurdering av arbeid og aktivitetar som viser arbeidsforhold der medisinsk utstyr er nødvendig. Dette vil også gjelde for krav til førstehjelpsutstyr, jf. Arbeidsmiljøloven § 4-4, som seier at det kan vere naturleg å ha førstehjelpsutstyr lett tilgjengeleg når det er nødvendig for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø. Det er derimot krav til bruk av medisinsk utstyr. Regelverket om handtering av medisinsk utstyr vil vere gjeldande. Sjå vedlegg.

### **Melding 5) Reinhaldarseminaret 2015**

Vi inviterer no til vårt årlege seminar for alle fylkeskommunalt tilsette reinhaldarar, leiande reinhaldarar samt alle med personalansvar ovafor reinhaldargruppa ved verksemda til «Reinhaldarseminaret 2015» på Hotel Alexandra i Loen. Seminardagane 1. og 2. oktober 2015 er bestilt! Hovudtemaet i år er: «*Jobb smartere- fremtidens renhold - nye metoder/utstyr, kvalitet, ergonomi, nye materialer/gulv-hvordan å vedlikeholde, kostnadseffektiv renholdsplan*». SFJ2019 er bedt om å informere om status for omstillingsarbeidet.

### **Melding 6) 40-timarskurset 2015**

Førebels er desse datoane for årets kurs sette: 22. og 23. oktober + 29. og 30. oktober 2015. Vi forventar om lag 20 påmeldingar. Marknadsprisen er om lag kr. 7500,- pr. person, eller ei årleg innsparing på om lag 150 000,- då dette vert utført av frm-personal.

Hovudmålgruppa for kurset er verneomboda og medlemmar/vara medlemmar i dei lokale arbeidsmiljøutval (LAMU) samt medlemmar/vara medlemmar i hovudsamarbeidsutvalet (HSU). Tilbodet omfattar også dei som tidlegare har gjennomført kurset og som ønskjer å "friske opp att" kunnskapane sine. I målgruppa er også dei med leiaransvar, jf kravet i arbeidsmiljølova sin § 3-5 som peikar på den plikta arbeidsgjevar har til å gjennomgå opplæring i helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

Kurstilbodet følgjer 2+2 modellen som inkluderer noko heimearbeid mellom samlingane. Den første kursdagen har eit rammeinnhald som vil tene som grunnlag for heile kurset. Her vil vi presentera dei aktuelle 8 HMT- lovene med tilhøyrande føresegnar samt vår praksis for vår arbeidsmiljøtenking. Arbeidsmiljølova og føresegna om systematisk helse, miljø og tryggleiksarbeid (internkontroll) vil få stor merksemd. Den andre dagen har fokus på organisatorisk- og psykososialt arbeidsmiljø. I mellomperioden vil du få "heimelekse" som i hovudsak knyter seg til bruken av HMT-heimesida/Portalen som kunnskapsbase for arbeidsmiljøspørsmål. Den tredje dagen har fokus på det fysiske arbeidsmiljøet. Her under ergonomi, inneklima, kjemisk arbeidsmiljø og brannvern. Siste kursdag har mykje fokus på praksis, der oppfølging av sjukefråvær og tilrettelegging på arbeidsplassen har fokus.

### **Melding 7) Samling for hovudverneomboda i regi av fylkeshovudverneombodet**

Det er ønska at denne tradisjonen med eit årleg samlingspunkt for hovudverneomboda (HVO) vert teken opp att. HVO si rolle er m.a. kontaktledd med verneomboda lokal, representasjon i LAMU og utgjør FHVO sitt nettverk. Førebels er ein lunsj til lunsj samling lagt til 5. og 6. november. I samråd med FHVO har frm-personal v/ Stenehjem drøfta relevant innhald for samlinga.

### **Melding 8) Notat frå SFJ2019 om overtalshandtering**

I samband med skulebruksplanen vedtok Hovudsamarbeidsutvalet prosedyre for handsaming og rangering av overtalige pedagogisk personale ved dei vidaregåande skulane. Sentrale element er når ein skal bruke «Normalprosedyren» og unntak frå «Normalprosedyren».